

Fylkesrådmannen

**Sakshandsamar:**

Anne-Kjersti Stenehjøm

E-post: Anne-Kjersti.Stavo.Stenehjøm@sfj.no

Tlf.: 95725658

**Vår ref.**

Sak nr.: 17/28-11

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

18478/17

**Dykkar ref.**

**Dato**

LEIKANGER, 09.05.2017

Naustdal kommune

## "Høyringsuttale forskrift om rett til sjukeheims plass" ref nr 17/50 Uttale frå fylkesrådet for eldre

Viser til brev datert 26.04.2017.

Fylkesrådet for eldre har fylgjande uttale til høyringa om forskrift om rett til sjukeheims plass:

*Fylkesrådet for eldre er positive til at Naustdal kommune vedtek retningslinjer for korleis kommunen skal handtere spørsmål kring ventelister for langtidsopphald.*

*Det er viktig at pasientar og brukarar på ventelister vert vurdert fortløpande, då sjukdomsbiletet ofte endrar seg raskt i desse aldersgruppene. Det må vere ei vurdering av alle brukarar som er innanfor kriteria når plassar skal tildelast. Ventelister og vurderingsprosessar må heile tida vere «levande» opp mot den enkelte brukaren sin helsetilstand og behov for omsorgstenester.*

*Dei som er kvalifisert til langtidsopphald på sjukeheim, bør få plass på sjukeheim straks.*

*Det bør òg vurderast i kva grad kommunen nyttar omsorgsbustader med heildøgntilsyn, opp mot tilbod om fullverdige sjukeheims plassar. Sjølv om omsorgsbustader med heildøgntilsyn er eit godt og rett tilbod for mange, må kommunen ha tilstrekkeleg tal sjukeheims plassar utifrå normtal for dette, for å gje eit godt nok samla tilbod til brukarane.*

Leiar for fylkesrådet for eldre, Harald Ekroll, kan kontaktast om det er behov for utfyllande kommentarar.

Med helsing

Anne-Kjersti Stenehjøm  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Kopi til:  
Harald Ekroll